

# Arne & Carlos – eit ferdaminne

## VEILEDNING

Arne & Carlos blir oppfatta som eit levande kunstprosjekt, ei eining der det er vanskeleg å skilje mellom liv og verk. Dei er blitt eit konseptuelt kunstverk på linje med andre kjende kunstnarpar som Gilbert&George og Elmgreen&Dragset. Duoen viser ei imponerende evne til å omstille seg, og dei har gjenskapt designarfellesskapen ved å snu merksemda frå mote til strikkeoppskrifter og bokproduksjon. Med utsyn frå den nedlagde togstasjonen på Tonsåsen i Valdres har dei bidrege til fornya interesse for norsk mønster- og striketradisjon. Arne & Carlos har reist rundt med sine «strikkeworkshops» til stor glede for både unge og eldre

I biletverda til Arne & Carlos er det ingen plass for snobberi eller elitetenking. Dei føyer saman polyesterrestar med kjøkenhandklede til vakre antrekk – dei snur inngrodde materialhierarki på hovudet. Fleire av antrekka deira uttrykkjer ein urovekkjande framtidsvisjon med tema som ressursløsing og miljøydelegging. Dei gamle strikkemønstra frå setesdalskufta med «kross og kringle» har mista uskylda si og blitt transformert til «spaceinvaders».

Duoen hentar inspirasjon frå heile verda. Frå dei mange utanlandsturane sine fører globetrotterane med seg suvenirar. Sommarfuglar, broderte dukar og spennande personar dei har møtt, blir kjelder til inspirasjon.

### FORMIDLING

Vi tilrår to økter à 45 minutt i utstillinga til omvising og workshop

### MÅLGRUPPE

Eit allment interessert publikum og elevar.

### AKTUELLE EMNE I FORHOLD TIL SKOLENS PLANER

**Matematikk:** mønster, origami

**Kunst og handverk:** mønster, origami, handverksteknikkar, bokbinding, scrapbøker

**Naturfag:** miljø- og klimaspørsmål, resirkulering, redesign, forbruk

**Historie:** drakttradisjonar, bunads- og folkedrakttradisjonar

### NASJONALMUSEETS MÅL

“... å heve kunnskapen og engasjementet for billedkunst, arkitektur, kunsthåndverk og design, utvikle den kritiske sansen, stimulere til ny erkjening, skape historisk bevissthet og toleranse for mangfold.”

### MÅL MED UTSTILLINGA

Vi ynskjer at publikum skal:

- \* få innsikt i kva ein designprosess er
- \* få innsyn i samspelet mellom dei to designarane
- \* få innblikk i deira bruk av ulike inspirasjons-kjelder, handverksteknikkar, strikkemønster, drakttradisjonar og materialval
- \* bli stimulert til egenaktivitet


# OM UTSTILLINGEN

## DESIGNPROSESSEN

Scrapbøker er eit av dei viktigaste verktøya for Arne & Carlos i designprosessen; dei monterer og syr sine egne bøker. Dei set saman utklipp, skisser, stoffprøver, objekt og bilete. Dekorative blomstrar, insekt, tapet, modellar i outrerte kreasjonar, tekstilar og egne skisser danner utsøkte scener som er ein fryd for auget. Kollasjane er elegante og spektakulære og fortel mykje om interesseområdet til designaren.

## KORLEIS STARTA DET HEILE?

### Dolly Parton-kolleksjonen vår-sommar 2002



Arne Nerjordet og Carlos Zachrisson møttest på Esmond moteskole i Oslo, der Arne var lærar. Kjemien stemte med ein gong og la grunnlaget for eit

byrjande samarbeid. I 2002 kom den første kolleksjonen deira: Dolly Parton-kolleksjonen gav ein forsmak på det fashionistaene hadde i vente. Arne & Carlos overraska den etablerte moteverda med nytenkinga si knytt til å bruke stoff, snitt, mønster, kombinasjonar og inspirasjon. 2002-kolleksjonen feira Dolly Parton som stilikon, det var kitsch og humor hand i hand. Paret minnest byrjinga slik: «Vi kjøpte kjøkenrutete stoff på sal hos Domus på Fagernes, drog heim til Tonsåsen og spelte Dolly Parton-låten 'Coat of Many Colors', og der starta det heile.»

### Origamikolleksjonen vår-sommar 2004




Eit anna eksempel som skildrar dynamikken mellom dei to designarane, er prosessen bak origami-kolleksjonen. Det heile starta med ein fascinasjon for

origami og papirbretting. Inspirert av ein parfymereklame med origamielement signert av den italienske moteskaparen Elsa Chia-perelli skisserte Arne opp nokre «pønkete» figurar med sveivande hanekammar. Dei danna ramma for eksperimentering med papirbretting. Dei prøvde ut ulike bretteteknikkar, forma som klede til papirdokker, og limte på

figurane – scrapbokprosessen var i gang. Midt i prosessen med å utvikle kolleksjonen flaug flya inn i World Trade Center, og 11.9 råka verda. Arne & Carlos såg frykta og uvissa. Dei såg for seg at hendinga ville få folk til å søkje mot barndommen, uskylda og det trygge. Dei tok til å drolle med tema rundt barneleiker som spåkoppen, som saman med «cutout»-effektar danna leiemotiv i kolleksjonen. Fargevalet fall på pastellar, sia dette representerer uskylda.

### Insektkolleksjonen og sløydkolleksjonen vår-sommar 2008



Arne & Carlos har ei eiga evne til å finne og knyte til seg spennande samarbeidspartnarar på tvers av faggrensar.

I samband med at dei utvikla vår-sommar-kolleksjonen 2008, gjekk dei inn i eit samarbeid med designarkontoret Bleed, og saman utvikla dei det estetiske uttrykket for insektkolleksjonen og sløydkolleksjonen. Tradisjonelle mønster blei omsette til forenkla motiv, blant anna eit vepemotiv dei fann i Annichen Sibbern Bøhns bok om norske strikkesmønstre. Ved å forlengje beina på vepsen fekk dei han til å danne eit nytt rutemotiv.



Sløydmotiva henta dei frå gamle arbeidsteikningar og modellar, dei valde ut detaljar som dei forenkla og overførte til skjorter, strikke-vestar og T-skjorter. Grepet dei

toki samarbeid med Bleed, var å produsere ein promoteringsfilm. Dei skapte ei eventyrverd som førte tankane til eventyrboka *Alice i Eventyrland*. Eit par vandrar rundt i eit univers fylt med overdimensjonerte insekt, røyksoppar og vegetasjon.

### Bunadskolleksjonen vår-sommar 2006 og reinsdyrkolleksjonen vinter 2007-2008




og klistra og limte i inspirasjonsbøkene.

I ei årrekke har Arne & Carlos vore interesserte i gamle bunadstradisjonar. Dei oppsøkte folke-museum, samla på gamle broderi

Ei gammal uniformsdrakt frå 1700-talet fanga interessa deira, dei testa ut bruken av jeansstoff i kombinasjon med bunadspirerte mønster. Dette blei bakteppe for bunadskolleksjonen. Jeans med sleng og rosemålingsinspirerte saumar med dekorative metallknappar blei kombinerte med pufferma bluser. Dette var ein banebrytande kolleksjon som fekk mykje omtale i pressa. Den neste kolleksjonen blei dominert av «dyr med hønn», som Arne seier. Når det gjeld å blande tradisjon med eit samtidig uttrykk, kom denne kolleksjonen med fleire visuelle overraskingar. Styrken til Arne & Carlos er dei uventa samansetjingane. Skjørt i silketaft med handbroderte snøstjerner og reinsdyr blei kombinerte med figurære strikkesenserar. Her omformulerte designarduoen tradisjonelle reinsdyr-mønstre til dekorative forenkla variantar.

### Comme des Garçons-kolleksjonen vinter 2008-2009



Arne & Carlos har ei eiga evne til å bryte nye grenser og sjå det kreative potensialet i nye utfordringar. I 2007

blei Arne & Carlos invitert av TINE meierier til å lage ei promotering av den folkekjære brunosten frå TINE. Reklamebyrået McCann blei inkludert i prosjektfasen. Resultatet blei brunostgenser «cheese attack», inspirert av det gamle spelet «Space Invaders» frå åttiåra, kombinert med det estetiske uttrykket til den populære mariusgenser. Duoen arbeide fram ein abstrahert versjon som eigna seg som mønster. Genser tok dei seinare med seg til Paris. Der oppdaga sjefdesignar for det japanske motehuset Commes des Garçons, Rei Kawakubo, genser. Dette blei starten på julekolleksjonen Crystal Journey, Arne & Carlos utvikla luer, skjerf, halsar, vesker, vottar, genser og dei første julekulene. Kolleksjonen blei presentert med tradisjonelle og uvande fargekombinasjonar, dekorerte med Swarovski-krystallar. Julekulene skulle bli selde for 800 kroner stykket, denne overprisinga initierte dei første tankane om å lage ei bok med oppskrifter på korleis folk kunne strikke kulene sjølve.

# OM KLEDE, NORSK KLESDSIGN I DAG OG KLESMOTAR I HISTORISK SAMANHENG – RELATERT TIL ARNE&CARLOS, OG PEDAGOGISK OPPLEGG TIL UTSTILLINGA

## KLEDE OG NORSK KLESDSIGN I DAG

Få av tinga vi omgir oss med, har same evna til å begeistre, forundre og forarge oss som klede. Fordi vi både har dei på oss og ser dei rundt oss, vil mange seie at klede er dei designgjenstandane dei har nærast forhold til. Ikkje uventa er klesdesign det største av alle designområde på verdsbasis. God klesdesign kan fullt ut måle seg med annan kvalitetsdesign og fortener like stor og seriøs merksemd. Det meste av det vi bruker av klede i Noreg i dag, er importert som konfeksjon frå utlandet. Vi er meir fortrulege med dei mange utanlandske designarnamna enn med dei få norske. Sjølv om designarmiljøet her heime er lite, har talet på klesdesignarar som vågar å satse for seg sjølv, auka monaleg dei siste tiåra. Arne & Carlos høyrer til dei. Norske designarar produserer klede i glidande overgangar mellom konfeksjon (kledde produserte i større seriar), modellkonfeksjon (kledde produserte i små seriar) og kunsthandverk (kledde der designarar står for heile prosessen frå idé til ferdig produkt). Designarar som satsar på konfeksjon eller modellkonfeksjon, står for ideane til plagga og lagar eventuelt prototypar. Andre utfører sjølve produksjonen, hovudsakleg i utlandet. Designarar som arbeider i ein kunsthandverkstradisjon, syr ofte klede direkte til kundar. Somme lagar også ferdige klede for sal, mens andre kan sy opp kolleksjonar av antrekk som blir presenterte på motevisingar. Desse antrekka blir i somme tilfelle selde til kundar og dannar elles utgangspunktet for bestillingar.

Arne Nerjordet kommenterte det slik i dag: «Vi sydde våre to første kolleksjonar sjølve, men slutta så fort vi fekk på plass produksjonen. Da fabrikkane var på plass, slutta vi å sy – da designa vi og sende teikningar og målskisser. For privatkundar brukte vi eit atelier i Litauen. No tek Sissel Isachsen i Oslo slike oppdrag for oss. Dei siste åra med strikka kolleksjonar har det berre vore snakk om teikningar til fabrikk og oppstrikk der, aldri noko vi har strikka sjølve. No designar vi klede i strikk for katalogar, vi strikkar og skriv oppskrifter på små ting som luer, alle store plagg går til mønster-



utviklarar og strikkarar hos Dale garn. Vi endra konseptet vårt drastisk, kutta ut produksjon, messer og innkjøparar. No går designen vår direkte til kunden, som også er produsenten. Dale garn presenterer vår design på messer.»

## KLESMOTAR I NOREG HISTORISK SETT

Klesmoten har ei lang og skiftande historie. Han starta på 1300-talet da ei ny type ettersitjande drakt blei introdusert for kvinner og menn. Desse draktene, og etter kvart andre drakttypar, spreidde seg utover Europa frå tonegivande miljø i land som var leiande økonomisk, politisk og kulturelt. Noreg ligg i utkanten av Europa. Likevel fann skiftande internasjonale motar også vegen hit. Moten har ikkje alltid vore for alle. Økonomi, kva sosial klasse ein tilhørde, og kvar i landet ein budde, var tidlegare mykje viktigare for korleis ein kledde seg, enn det er i dag. Vil du vite meir om dette og drakt-samlinga ved Nasjonalmuseet, sjå [Draktgalleriet](#)

## 1700-talet

I samlingane til Nasjonalmuseet finst komplette drakter og mange draktplagg frå 1700-talet. Her er to hovudtypar kvinnedrakter: anten skjørt og jakke eller skjørt og lang overkjole. Dei fleste jakkene hadde ettersitjande liv. Fasongen på kvinnekleda blei framheva av spesielle underplagg med spiler: korsett som gav form til overkroppen og gjorde midja smal, og underskjørt eller hoftestativ som heldt skjørteviddene ute og lét stoffmønstra komme til sin rett.



Mannsdrakta på 1700-talet besto av tre hovuddelar: knebukse, vest og frakk, jamfør antrekket frå Arne & Carlos på side 4, inspirert av 1700-talsmoten.

Vil du vite meir, sjå [Draktgalleriet](#)

## OM TRE SENTRAL ANTREKK

Nasjonalmuseet har kjøpt inn tre sentrale og representative antrekk for Arne & Carlos' kunstnariske produksjon det siste tiåret:

- eit origami-inspirert kvinneantrekk, innkjøpt i 2004
  - eit bunadsinspirert kvinneantrekk, innkjøpt i 2006, inspirert av 1700-talsmoten for menn i Noreg som vi har nemnt tidlegare
  - ei strikkejakke, innkjøpt i 2010, inspirert av gamle norske strikkemønster
- (Vi viser innlånte versjonar av desse antrekka i utstillinga.)

### Meir om desse tre antrekka



#### Origami-inspirert antrekk

Antrekket består av eit enkelt skjørt og ein topp. Her har Arne & Carlos laga ein spennande struktur i vanleg bomullstoff. Arne skriv sjølv om antrekket:

*«Toppen er laga i bomull med applikerte 'spålappar'. Skjørtet er organsa på bomull med same typen applikerte spålappar. Origamikolleksjonen starta med at vi eksperimenterte på bysten og prøvde å finne andre måtar å modellere på. Vi bretta stoffet og gjorde innsnitt ved å brette og leggje faldar der dei normalt ville vere. Plagga blei altfor innvikla og heilt umoglege i gradering og produksjon, så vi gjekk heilt motsett veg, fjerna alt vanskeleg og gjorde baseplagg, som i dette antrekket i 60-talsstil.»*



#### Bunadsinspirert kvinneantrekk

Antrekket består av skjørt, genser og jakke, er laga i bomullstoff og bomullstrikkot. Antrekket har også ei utgåve der skjørtet er bytta ut med jeans. Dette antrekket har ei jakke som minner om frakkane til mannsbunadene frå Gudbrandsdalen. Arne & Carlos har omforma ein mannsmete frå 1700-talet til eit dagsaktuelt kvinneantrekk. Karakteristiske detaljar, som fasongen med vipp ut nedst og faldar på ryggsida nedanfor livlinja (se side 3), store knappar rundt lommeopningane og nedst på erma, i tillegg til dekorative stikningar, fortel likevel om utgangspunktet. Assosiasjonane jakka gir til mannsklede, og det kraftige denimstoffet i økologisk bomull, dannar ein interessant kontrast til det lette bomullstoffet og den feminine fasongen med stor vidde i skjørtet. Arne og Carlos skriv sjølv om bunadsinspirasjonen:

*«Bunader og folkedrakter blei ei av dei viktigaste inspirasjonskjeldene våre etter at vi byrja å vise kolleksjonane våre på messer i Paris. Nokre av dei viktigaste designarane på den tida brukte alle mykje av sin eigen kultur i kolleksjonane sine. Det gav dei særpreg – som Alexander McQueen, Christian La Croix, Jean Paul Gaultier. Vi ønskte ikkje å bli som dei, men vi ønskte å lære måten å tenkje på. Vi brukte detaljar frå bunadsblusene, volum frå skjørta, detaljar frå handar-*

*beid på kledda og tilpassa det til klesproduksjon i fabrikkar. Fargebruken i broderia var eit område for seg sjølv, der vi henta mykje frå setesdalsbunaden.»*

Vil du vite meir om folkedrakter og bunader, sjå [bunadrådets sider](#)

**Strikka jakke inspirert av «Blåfjellsjakka»**, fjøsjakka til bestemor hans Arne, innkjøpt i 2010.



Frå 2007 har Arne&Carlos konsentrert seg om strikkeplagg. Det resulterte blant anna i at dei i 2008 blei inviterte til å lage strikkeplagg i samarbeid med det verdskjende merket Comme des Garçons. Strikkekledda til Arne&Carlos, som da blei produserte i Peru, bygde på norske mønstertradisjonar, men med ein høgst personleg vri. Jakka er inspirert av ei jakke dei laga etter ein ryddesjau. Dei hadde samla saman fleire utslitne strikkeplagg, blant anna den gamle fjøsjakka til bestemor hans Arne, der nedre fjerdedel av erma var klipte av og påstrikka nye vrangbordar for at ho skulle sleppe å dytte dei opp heile tida mens ho mjølka. I tillegg hadde dei samla på loppemarknadsfunn og eigenproduserte plagg. I staden for å kaste alt, klipte Arne ut brukbare delar. Delane blei sette saman til ei ny jakke i ein slags lappeteppeteknikk, noko som resulterte i eit usammenhengande, tilfeldig mønster. I denne nye jakka frå 2009, som er maskinstrykka i merinoull, er det fragmentariske og tilfeldige frå lappejakka brukt som eit bevisst utgangspunkt for eit nytt mønster, der det ukjende og lett urovekjande blir foreint med det trygge og tradisjonelle.





# OPPGÅVER

Oppgåveforslaga speglar Kunnskapslyftet 2006. Her blir det lagt vekt på å stimulere grunnleggjande ferdigheiter som lesing, skriving, munnleg framstilling, rekning og digitale ferdigheiter. I tillegg er tilpassa opplæring gjennom bruk av ulike læringsstrategiar eller -stilar søkt integrert. For at elevane skal få best mogleg utbytte av besøket, er det viktig at det blir sett av god tid til






for- og etterarbeid. Elevar og lærarar kan bruke oppgåvene før og etter besøket, og formidlar/lærar kan gjere det i sjølve utstillinga. Plukk derfor frå skjemaet og tilpass for publikumet ditt. Som lærar kan du besøkje utstillinga aleine med klassen eller be om ei omvising med lokal formidlar på utstillingsstaden. Ta kontakt med galleriet og bestill omvising og eventuelt workshop for klassen din.

## Forkortingar:






Arne&Carlos (A&C)  
Kommoden med det rare i (KR): Dette er ein kommode som følger utstillinga og inneheld gjenstandar som vi har fått låne frå A&C: enkeltplagg, tekstilar, material- og teknikkprøver, bøker, bilete, oppskrifter, reiskapar, brev og anna. Det kan danne utgangspunkt for samtalar og kreativt arbeid under og etter utstillingsbesøket.

Læringsstilar/ -strategiar	Før utstillingsbesøket	Under utstillingsbesøket	Etter utstillingsbesøket
<p>Språkleg, verbal</p> <p>STRATEGI: LES, SKRIV, FORTEL, LYTT</p> 	<p>Gjennomfør ei idémyldring om Arne &amp; Carlos i klassen.</p> <p>Sjå deretter</p>  <p>Gjennomfør en ny idémyldring etter nettsøk.</p> <p> Finn stoff om norske bunader og folke- drakter på nettet. Fortel kva du har funne, til ein annan i klassen.</p> <p> Enkel bokbinding, korleis kan det gjerast? Finn ut mest mogleg om dette.</p> <p> Kva er origami? Finn ein definisjon av omgrepet.</p> <p><b><u>Origami club</u></b> <b><u>Origami folding instructions</u></b></p> <p>Korleis er ulike mønster blitt brukte opp gjennom historia? Søk på nettet.</p>	<p>Formidlaran kan vise filmene</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- leie idémyldring med elevane om A&amp;C. Kva veit elevane om duoen?</li> <li>- lese opp brevet frå A&amp;C til barn som ser utstillinga. Kva synest elevane om det dei seier?</li> <li>- fortelje meir om A&amp;C, om utstillinga, NMKs mål med henne og oppbygginga av henne</li> <li>- bruke «Kommoden med det rare i» (KR) som utgangspunkt for vidare samtalar/aktivitetar</li> <li>- invitere elevane til å komme med kommentarar i scrapbok for publikum</li> </ul>	<p>Oppsummer utstillingsbesøket munnleg og skriftleg, lag veggavis, skriv avisinnlegg, kunstkritikk i lokalavisa.</p> 
<p>Logisk, matematisk</p> <p>TEL, TENK KRITISK, FØRESTELL DEG</p> 	<p>Tenk over og bli einige om kva viktige ord og uttrykk i rettleiinga tyder:</p> <p>duo, kolleksjon, prototyp, redesign, hybrid, origami, «cut out»-design, organiske og geometriske mønster, sentralmotiv, bord, rapport, «kross og kringle», setesdalsmønster, mariusgenser, «spaceinvader», folkedrakt, bunad, klosteraum, plattsaum, vaffelsaum</p>	<p>Formidlaran kan friske opp viktige ord og uttrykk gjennom spørsmål knytte til utstillinga og objekt i KR.</p>	<p>Kva har du lært av korleis A&amp;C bruker inspirasjonskjelder, mønster, teknikkar og materiale? Skriv, teikn og fortel.</p>

# OPPGÅVER

Læringsstilar/-strategiar	Før utstillingsbesøket	Under utstillingsbesøket	Etter utstillingsbesøket
<p>Visuell, romleg</p> <p>SJÅ, TEIKN, VISUALISER, FARG, LAG TANKEKART</p>  	<p>Lag tankekart med utgangspunkt i A&amp;C etter å ha googla på nettet og høyrte læraren fortelje.</p> <p>Klipp ut eit kvadrat av eit A4-ark, brett ein spåkopp før utstillingsbesøket og ta han med til galleriet.</p> <p>Vis ein bretteteknikk for serviettar til ein medelev. Ta han med til galleriet.</p> <p><i>Mønsterlagning</i> Organisk mønster: Teikn ei bille eller ein veps, forenkla henne/han og lag så eit mønster av henne/han på ruteark i form av ein bord eller eit sentralmotiv. Bruk gjerne pc, lag ruter og fyll med fargar.</p> <p>Geometrisk mønster: Lag ein bord eller eit sentralmotiv, gjerne på pc, og fyll med fargar.</p> <p>Teikn ein hybrid, eit insektmenneske, med blyant og tusj.</p>	<p>Har A&amp;C nytta origami og bretteteknikkar for serviettar? Kvar og på kva måte?</p> <p>Korleis er dyremønstra og insektmenneska A&amp;C har nytta, samanlikna med dine figurar?</p> <p>Samanlikn med vepsen i boka <i>Norske strikkemønstre</i>, som de tok utgangspunkt i, med resultatet på «sløydgenseren». Kva har skjedd med akkurat dette mønsteret? Finn eit strikkemønster i utstillinga som du synest er litt spesielt, og fortel kvifor du valde det.</p>	<p>Teikn det du hugsar best frå utstillinga. Lag eit nytt tankekart over det du no kan om A&amp;C. Systematiser ved hjelp av fargar på tankekartet.</p> <p>Lag ei enkel scrapbok etter oppskrift frå A&amp;C. Bruk gjerne gamle teiknepapir som likevel skal kastast. Utvikle din eigen kolleksjon ut frå scrapboka, eller lag din eigen kolleksjon i papir, inspirert av dokkene i KR.</p> <p>Strikk din eigen familie, få fram karakteristiske trekk.</p> <p>Design og strikk di eiga julekule.</p>
<p>Kroppslig, kinestetisk</p> <p>BYGG, SPILL, RØR VED, BEVEG, DANS</p> 	<p>Ta med eitt eller fleire klesplagg eller stoffrestar heimafrå som du kan leike med på skolen. Bruk dei til omsaum, redesign.</p>	<p>Formidlaren viser og fortel om «Blåfjellsjakka», fjøsjakka til bestemor hans Arne, og korleis ho inspirerte til eit heilt nytt jakkemønster. Den blå setesdalskufta Arne hadde som barn, med «kross og kringle»-mønster, blir vist etterpå. Samanlikn mønsteret med «space invaders»-mønsteret på strikka veske og lue. Studer likskapar og forskjellar.</p> <p>Snakk om dei tre trinna i bokbindingsprosessen som ligg i KR.</p> <p>Bruk aktivitetsstasjonen i utstillinga.</p>	<p>Lag et nytt plagg ved å setje saman delar av andre plagg.</p> <p>Elevane byter gjerne plaggdelar seg imellom. Bruk «zig zag» og sy saman bitane.</p> <p>Kvifor laga du det nye plagget akkurat slik? Skriv ned historia om det nye plagget.</p>
<p>Musikalsk</p> <p>SYNG, «RAPP», LYTT</p> 	<p>Sjå på videosnuttane om A&amp;C på nettet.</p> <p>Spel av «Coat of Many Colors» med Dolly Parton på Youtube:</p>  <p>Kan du finne teksten på nettet? Kva handlar han om?</p>	<p>Spel musikk av Dolly Parton. Høyr spesielt på låten «Coat of Many Colors», som Dolly Parton laga til mor si. Mora hadde sydd ei flott jakke i mange fargerike lapperestar til henne som barn.</p>	<p>Finn eller lag ein tittel til det nye plagget ditt. Kan ein låt-tittel passe? Lag ein songtekst (rapp eller annan musikk) til plagget ditt.</p>

# OPPGÅVER

Læringsstilar/-strategiar	Før utstillingsbesøket	Under utstillingsbesøket	Etter utstillingsbesøket
<p>Interpersonleg, sosial</p> <p>LÆR VIDARE TIL ANDRE. SAMARBEID</p> 	<p>Gå saman to og to. Finn ut kva ei åttebladsrose er. Er ho norsk? Teikn kvar dykkar åttebladsrose på eit ruteark og set saman dei to rosene til ein bord på eit ruteark. Bruk gjerne kopimaskina for å lage fleire på ein effektiv måte.</p>	<p>Gå saman to og to. Studer tablå nærare etter omvisinga. Kva fortel dei om designarane? Plukk ut eitt av tablåa du likte best, og fortel om det til den du jobbar saman med. Bytt etterpå.</p>	<p>Inviter med foreldre og sysken til utstillingsstaden og hald ei lita omvising i utstillinga.</p>
<p>Intrapersonleg (sjølvvinnings)</p> <p>KNYT TEMA I UTSTILLINGA TIL DITT EIGELIV, VEL UT FRÅ DETTE</p>	<p>Sjølvstudium: Leit på Internett og finn ut mest mogleg om A&amp;C. Kva er du mest fascinert av? Ta utskrift og vis til medelevane dine.</p>	<p>Alle sit stille og høyrer på musikk av Dolly Parton.  Kva er lenkja mellom DP og A&amp;C?</p>	<p>Skriv ein logg om heile besøket på utstillinga: Kva har du sett? Kva likte du? Kva likte du ikkje? Har ho gitt deg inspirasjon på nokon måte? I så fall korleis?</p>
<p>Naturalistisk</p> <p>BRUK NATUREN, TA INN KONKRETE TING FRÅ NATUREN, REISKAPAR TIL Å UNDERSØKJE NATUREN MED</p> 	<p>Gå på jakt etter sommarfuglen din, inne eller ute. Få inspirasjon på nettet: <u><a href="#">Deyrolle magazine</a></u>  Kva symboliserer sommarfuglen?  Ta utskrift av ein sommarfugl som du synest er spesielt vakker.  Vi kan alle endre levemåten og bidra til løysingar på klimaproblem/ressurssløsing i dag. Kva tenkjer du rundt denne utsegna? Bidreg A&amp;C på nokon måte? Bidreg du, venene dine eller familien din?</p>	<p>Finn sommarfuglar på utstillinga. Korleis er dei brukte?</p> 	<p>Lag ein kollasj i klasserommet med tittelen «Våre vakraste sommarfuglar». Kan du lage eit sommarfugl menneske?</p> 
<p>Eksistensiell</p> <p>TENK, DISKUTER, FABULER, SNAKK</p>	 <p>DOLLY PARTON-KOLLEKSJONEN Vår/sommar 2002  Arne &amp; Carlos hentar inspirasjon frå Dolly Parton, musikken hennar og det livet ho lever. Kombinasjonen av humor, kitsch og forseggjort design set stemninga for kolleksjonen.</p>	<p>Studer tablåoverskriftene på utstillinga. Kva assosiasjonar får du? Kva ønskjer overskriftene å fortelje deg? Er det noko du lurar på, noko du synest er rart?</p>	<p>Svar A&amp;C på brevet dei har sendt dykk.</p>

## ANNA

### Aktivitetsstasjon

Det er tilrettelagt for ulike verkstadoppgåver: legging av mønster i form av bordar eller sentralmotiv på store oppruta mønsterplater i tre, eller produksjon av origamibaserte klede av papir til dokker teikna av Arne & Carlos.

---

## RESSURSAR

---



**Arne Nerjordet**, fødd i 1963, voks opp på familiegarden i Gausdal utanfor Lillehammer. Han er utdanna ved Moteskolen Esmod.

**Carlos Zachrison** er fødd i 1970 i São Paulo i Brasil, med spansk mor og svensk far. Carlos er utdanna statsvitar og gjekk på Esmod.

### KJELDER

Samtalar med Arne og Carlos

*Draktgalleria i Nasjonalmuseet*, tekstar v/Anne Kjellberg

Rita Dunn og Shirley Griggs (red.): *Læringsstiler*, Universitetsforlaget 2004

Arne Nerjordet og Carlos Zachrison:

*Julekuler Arne & Carlos*, Cappelen Damm 2010

*Arne & Carlos Strikkedukker*, Cappelen Damm 2010

*Arne & Carlos Masker og snitt fra Tonsåsen*, PDC Tangen 2007

Annichen Sibbern Bøhn: *Norske strikkemønstre*, Grøndahl & Sønns forlag 1947

### NYTTIGE LENKJER

[arne-carlos.com/](http://arne-carlos.com/)

[en.origami-club.com/](http://en.origami-club.com/)

Om sommarfuglar og dyr:

[deyrolle.com/magazine/](http://deyrolle.com/magazine/)


[origami-instructions.com/](http://origami-instructions.com/)

På [nasjonalmuseet.no](http://nasjonalmuseet.no) finn du formidlingsbrosjyre, rettleiing med meir info om utstillinga, kunstnarar og bakgrunnsstoff, og pedagogisk opplegg til bruk i skolen. Du finn også fleire bilete frå utstillinga og kontaktinfo same staden.


Produksjonen av utstillinga er eit samarbeid mellom Nasjonalmuseet og DogA Norsk Design- og Arkitektursenter. Utstillinga blir først vist på DogA sommaren 2012 og deretter send ut i gallerinettverket til Nasjonalmuseet.


To filmar blir viste på utstillinga. Den eine er produsert av Nasjonalmuseet i samarbeid med Arne & Carlos, den andre har Arne & Carlos utvikla i samarbeid med designarkontoret Bleed.

**Kurator utstilling:** Benedicte Sunde, DogA. **Kurator formidling:** Helga Gravermoen. **Prosjektleiari:** Yngvill Aagaard Sjøösten. **Utstillingsdesign:** Ragna Jacobsen **Teknisk konservator:** Ida A. Bronken. **Utstillingsteknikk:** Christoper Gjerde. **Film:** Nicholas Hellsegg. **Foto:** Børre Høstland, Andreas Harvik, Dag Andre Ivarsøy **Nettverksansvarleg:** Helga Gravermoen. **Logistikk:** Ida Strøm-Larsen



nasjonalmuseet.no

 facebook.com/nasjonalmuseet

 twitter.com/nasjonalmuseet

**DOGA**  
NORSK DESIGN- OG ARKITEKTURSENTER

**NASJONALMUSEET**  
FOR KUNST, ARKITEKTUR  
OG DESIGN

---